

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

**Vår dato:** 06.11.2023

**Vår ref.:** 201603434-83 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:**

## **Lyse Neo AS - Oversending av revidert fjernvarmekonsesjon**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har i dag tildelt Lyse Neo AS revidert konsesjon for fjernvarmeanlegget deira i Stavanger, Sandnes og Sola kommune, Rogaland fylke. Løyvet er gitt i medhald av energilova § 5-1, på basis av søknad av 03.07.2023. Løyvet inneber to mindre utvidingar av konsesjonsområdet og to traséendringar for hovudrørnett.

NVE konstaterer at delar av anlegget er etablert utan nødvendig konsesjon, og at det dermed er brot på konsesjonsplikta i energilova § 5-1.

NVE har sendt revidert konsesjon med oppdatert kartvedlegg til Lyse Neo AS. Dette kan hentast på vår nettstad for denne saka: [www.nve.no/4475/A7](http://www.nve.no/4475/A7).

### **Søknad og behandlinga til NVE**

Søknaden til Lyse Neo AS er datert 03.07.2023. Her skriv dei at dei søker om tre konkrete endringar i konsesjonen, kor av to er endringar i trasé for hovudrørnett og éi er ei utviding av konsesjonsområdet. NVE sendte søknaden på høyring 24.08.2023 med frist for merknader sett til 27.09.2023.

Følgande fekk saka direkte tilsendt: Statens vegvesen, Rogaland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Rogaland, Telenor Norge AS, Telenor kabelnett, Bane Nor SF, Stavanger kommune, Sandnes kommune, Sola kommune og Lnett AS.

Lyse Neo kommenterte merknader i brev av 12.10.2023.

### **Innkomne merknader**

NVE har mottatt fire høyringsinnspel høvesvis frå Lnett, Bane Nor, Statens vegvesen og Stavanger kommune. Alle innspel er samanfatta i vedlegg. Vi har skissert innkomne merknader og innspel basert på dei tre respektive endringane som er søkt om.

### **Tematisk gjennomgang av innkomne merknader og vurderinga til NVE**

#### *Generelt*

Stavanger kommune skriv at utbygging av fjernvarmenett tar mykje plass, er tidkrevjande og til dels vil gje store ulemper for allmenta og for private under anleggsarbeid. Dei vil at



Lyse Neo må beskriva avbøtande tiltak. Kommunen ønskjer at det blir sett vilkår om kor mange meter grøft ein vil ha opne før areal reetablerast. Dei skriv også at Lyse må rekna med vilkår om at infrastruktur blir lagt i fleire høgder, for å avgrensa areal som blir beslaglagde. Kommunen skriv også at det i fleire områder blir utbygd med både fjernvarme og fjernkjøling og at dette er rørsystem som tar mykje plass. Ved innsending av søknad må det alltid vere avklart om det skal leggast eitt eller begge system.

Statens vegvesen minner om at alle tiltak som vil røra ved offentleg veg må søkast om og avklarast i dialog med aktuell vegmyndigheit.

Kommentar frå tiltakshavar: Lyse Neo skriv at dei legg stor vekt på ha eit nært samarbeid med kommunar, utbyggjarar, entreprenørar og andre involverte aktørar om samordning av infrastruktur. Røyr skal i stor grad bli lagt i trafikkerte veger og i nærleiken av bustadområde. For å minimere ulempene vil dei leggja stor vekt på god planlegging av anleggsarbeid. Lyse Neo legg til at ingen av endringane som er søkte om inkluderer fjernkjøling, men at dette var ein feil i søknaden som stamma frå ein tidlegare endringssøknad som blei brukt som mal.

NVE har som standardvilkår i fjernvarmekonsesjonar at konsesjonær, før igangsetting av anleggsarbeid, pliktar å kontakte kommune, statsforvaltar, eigar av veg og andre som er råka for å avklare eventuelle verknader for arealbruk og naturverdiar, og for å undersøka moglegheiter for koordinering av fjernvarmerøyr med annan infrastruktur. Vidare vil vi påpeika at fjernkjøling ikkje er konsesjonspliktig og ikkje noko som NVE behandlar eller gir løyve til.

Stavanger kommune skriv at konsekvensane for natur og miljø som følgje av endringane må vurderast og omtalast. Alle planar skal ha ei vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12 sjølv om ein vurderer at tiltaket ikkje vil ha negative konsekvensar.

Kommentar frå tiltakshavar: Lyse Neo skriv at dei med fordel kunne ha vist til allereie innvilga konsesjon når det gjeld vurderingar knytte til naturmangfaldlova og energilovforskrifta. Vidare skriv dei at dei vurderer tiltaket til å ikkje ha verknader opp mot naturmangfaldlova §§ 8-12 og dei vil ta omsyn til naturmangfaldlova i vidare arbeid knytt til stikkleidningar.

NVE påpeiker at også endringar i fjernvarmeanlegget kan medføre natur- og miljøverknader og at dette er noko som skal vurderast i alle samanheng. Lyse Neo har i kommentar uttala at dei har vurdert endringane i lys av prinsippa i naturmangfaldlova, og NVE sluttar seg til desse vurderingane.

### *Endring 1*

Stavanger kommune skriv at det har vore dialog mellom kommunen og Lyse Neo om den skisserte endringa. Dei skriv at det i utgangspunktet skal leggast røyr i veg, men at prosjektering og legging av fjernvarmetrasé gjennom område regulert til park må inkludera prosjektering og opparbeiding av regulert parkområde, slik illustrasjonar i SBAX-prosjektet viser. Fjernvarme må plasserast slik at det er til minst mogleg ulempe for opparbeiding og framtidig bruk av parkarealet.



Kommentar frå tiltakshavar: Lyse Neo skriv at delar av traséendringa i Paradis går gjennom eit grøntareal på delar av strekket etter avtale med Stavanger kommune. Endringa er vurdert som sameint og at det ikkje vil ha negative verknader sett opp mot naturmangfaldlova § 8-12.

NVE konstaterer at endringa i trasé krev ei utviding av konsesjonsområdet. NVE sluttar seg til vurderinga og kan ikkje sjå at endringa vil medføre vesentlege verknader.

### *Endring 2*

Kommunen skriv at dei ikkje kan sjå at endringssøknaden inneheld tekniske og økonomiske beskrivingar av anlegget, eller beskriving av fysisk utføring av dette, slik kravet er utforma i energilovforskrifta § 5.2, bokstav b. Det er berre ei geografisk avgrensing av reguleringsplan 2740 og rørtrasé er ikkje angitt. Dei skriv at det dermed er vanskeleg å ta stilling til om planane bør justerast. Vidare skriv dei at trasé for fjernvarme og tilkopling til denne ikkje må leggast gjennom grøntareal som leikeplassar, friområde og liknande. Kommunen skriv at dei i prosjektering av fjernvarmetraséer må ta omsyn til at kommunen planlegg ei framtidig opning av bekk i friområdet langs Finntoppvegen og ned mot leikeplass/undergang ved fylkesveg 44. Vidare viser dei til at det i høyringsdokument er merka av trasé i Gulaksvegen og at denne er strekt vidare gjennom parkdraget til Blåtoppvegen. Dei meiner traséen må stoppa langs formålsgrensa til parkdraget.

Kommentar frå tiltakshavar: Lyse Neo skriv at denne endringa omfattar ei utviding av konsesjonsområdet for å dekke heile reguleringsplanen og at utvidinga ikkje omfattar nytt hovudrørnett for fjernvarme. Lyse Neo vil i forbindelse med utvikling av området i samarbeid med utbygger og andre relevante interessentar finna den beste traséen for fordelingsnett/stikkledning for fjernvarme til området. Dette er ikkje eit tema i konsesjonssøknaden ettersom stikkleidingar ikkje inngår som ein del av fjernvarmekonsesjonen. Lyse Neo vil ta omsyn til naturmangfaldlova og streva etter å leggja infrastruktur i eksisterande gater/planlagt opparbeida gater i forbindelse med framtidig vurdering og val av trasé for denne.

Lyse Neo har etter førespurnad frå NVE kommentert i e-post av 03.07.2023 at kundegrunnlag knytt til den aktuelle reguleringsplanen blei søkt om i forbindelse med tidlegare endringssøknad, men at plangrensa på dette tidspunktet ikkje var endeleg vedtatt og i etterkant har endra seg.

NVE konstaterer at utvidinga er søkt om med det formål å samføre konsesjonsområdet med oppdatert reguleringsplan og at det tilhøyrande varmebehovet i all hovudsak allereie er tatt høgde for i fjernvarmeanlegget. Vi kan ikkje sjå at utvidinga vil føra til nemneverdige verknader. Når det gjeld rørnett påpeiker vi at vi berre konsesjonsbehandlar hovudrørnett og at stikkleidingar/anna rørnett kan etablerast utan behandling hos NVE. Vi vil samtidig vise til vilkår sett i konsesjonen og understreka at etablering av all type rørnett skal gjerast i dialog med vegeigar, kommune og statsforvaltar og andre partar som kan bli påverka av utbygging. Vi føreset at konsesjonær avklarar all utbygging av rørnett i tråd med vilkår fastsett i konsesjonen.



### Endring 3

Stavanger kommune skriv at kryssing av Boganesvegen og trasé på vest- og nordsida av Jåttå vgs. og vidare ned mot Viking stadion blei bygd i fjor haust og at dei ikkje kan sjå nokon stad i Lyse Neo sin søknad om at strekinga allereie er bygd. Dei skriv at trasé for fjernvarme må tilpassast pågåande prosjektering i forbindelse med utbygging av bussveg og omlegging av vegsystem ved Jåttå og framtidig situasjon i området. Vidare har dei kommentert at tabell 5.2 i søknad berre viser dimensjonar for fjernvarmerøyr og ikkje for kjølerøyr.

Kommentar frå tiltakshavar: Lyse Neo skriv at delstrekket allereie er bygd og blir kopla om og stilt ferdig i løpet av veke 41, og at endringa allereie er koordinert med kommunen og fylkeskommunen i forbindelse med utbygging av bussveg/omlegging av vegsystem ved Jåttå. Dei viser til kommunen si omtale av kjølerøyr, og skriv at dette var ein feil i søknad og at denne endringa berre omfattar fjernvarmerøyr. Lyse Neo opplyser om at endringa har skjedd i forbindelse med eit pågåande bussvegprosjekt innanfor konsesjonsområdet.

NVE konstaterer at Lyse Neo allereie har gjennomført delar av tiltaket. Dette stadfestar dei i uttale av 12.10.2023. Etter vår vurdering fell bygging av anlegget inn under konsesjonsplikta sett av energilova § 5-1 som seier:

*«Fjernvarmeanlegg kan ikke bygges, eies eller drives uten konsesjon. Det samme gjelder ombygging og utvidelse av fjernvarmeanlegg...»*

NVE konstaterer at konsesjonen skulle vore innhenta før anleggsarbeid blei påbyrja.

Lyse Neo har opplyst om at endringa har skjedd i lys av eit pågåande bussvegprosjekt innanfor konsesjonsområdet og at det i all hovudsak er tatt i bruk ein trasé som tidlegare var gitt løyve til frå NVE. Etter vår vurdering er sjølve endringa og formålet bak denne fornuftig.

### **Om vedtaket til NVE**

NVE konstaterer at delar av anlegget (endring 3) er bygd utan nødvendig konsesjon og med det er ulovleg bygd. NVE vil vurdere om det er grunnlag for å følgje opp saka ytterlegare med reaksjonar.

Etter vår vurdering er endringane som er søkte om rasjonelle og vil ikkje medføra verknader opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12. NVE har gitt løyve slik det er søkt om. Vi vil påpeike at dersom konsesjonær i arbeidet med røyrnett støyter på kulturminne eller oppdagar at viktige naturverdiar kan bli råka av anleggsarbeid, skal arbeidet stansast og avklaring skal gjerast av høvesvis Rogaland fylkeskommune eller Statsforvaltaren i Rogaland.

Lyse Neo sin konsesjon er vidareført og oppdatert etter dagens praksis. NVE legg til grunn at konsesjonær avklarar all utbygging i tråd med vilkår fastsett i konsesjonen.

NVE minner om at fjernvarmeanlegg som er konsesjonsbehandla er fritatt kommunal byggesaksbehandling, jf. SAK10 § 4-3 «Unntak frå krav i plan- og bygningslovgivningen for visse tiltak som behandles etter andre lover». Konsesjonær er sjølv ansvarleg for å sikra at alle krav til bygg i teknisk forskrift blir oppfylte så langt dei passar.



Denne avgjerda kan klagast på til Olje- og energidepartementet av partar i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå det tidspunkt denne underretninga er komen fram, jf. forvaltningslova kapittel VI. Meir informasjon om klageåtgang er beskriven på siste side i dette dokumentet.

NVE pålegg hermed Lyse Neo AS om å underrette aktuelle grunneigarar eller rettshavarar som ikkje står på kopi dette brevet om løyvet. Underretninga skal gi opplysingar om klageåtgang, klagefrist og retten til å sjå dokument i saka. Kopi av underretninga skal sendast til NVE.

Med helsing

Svein Grotli Skogen  
seksjonssjef

Jo Arne Marvik  
førstekonsulent

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar*

**Mottakarliste:**

STATENS VEGVESEN  
ROGALAND FYLKESKOMMUNE  
STATSFORVALTAREN I ROGALAND  
SOLA KOMMUNE  
TELENOR NORGE AS  
Telenor Kabelnett  
BANE NOR SF  
Lyse Fiber AS  
STAVANGER KOMMUNE  
SANDNES KOMMUNE  
LYSE ELNETT AS

**Kopimottakarliste:**

Lyse Neo AS



## Vedlegg: Samanfatning av høyringsfråsegn

**Lnett AS** skriv i brev av 24.08.2023 at dei ikkje har nokre merknader til endringsønsket frå Lyse Neo. Dei skriv at Lyse Neo og Lnett vil koordinere endringane og samarbeide om fellesføringar av infrastruktur.

**Bane Nor SF** skriv i brev av 08.09.2023 at endringane som er søkte om ikkje vil påverka anlegga deira og at det ikkje har merknader til søknaden. Dei gjer merksam på jernbanelova § 10 som krev at alle tiltak innanfor 30 meter frå nærmaste spormidt skal godkjennast av Bane NOR etter eigen søknad. Her vil dei stille krav om tryggleik, drift og utvikling av jernbana. Dette gjeld også for trasé og kryssing av fjernvarmerøyr. Deretter må det inngåast ein kryss- og nærføringsavtale.

**Statens vegvesen** skriv i brev av 21.09.2023 at dei uttalar seg som statleg fagmyndigheit med sektoransvar innanfor trafikktryggleik og vegtransport. Dei skriv at endringane ikkje rører ved riksveg, men minner om at alle tiltak som vil røre ved offentleg veg må søkast om og avklarast i dialog med aktuell vegmyndigheit.

**Stavanger kommune** skriv i brev av 22.09.2023 at dei legg til grunn at det vil vere tett dialog mellom Lyse Neo og Stavanger kommune for å sikra ei heilskapleg og tverrfagleg planlegging og prosjektering i alle fasar av prosjektet, tilsvarande SBAX.

Vidare har dei fleire merknader til konsekvensvurderinga frå Lyse Neo:

- Dei skriv at konsekvensane for natur og miljø som følgje av endringane må vurderast og omtalast. Alle planar skal ha ei vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12, sjølv om ein vurderer at tiltaket ikkje vil ha negative konsekvensar.
- Dei viser til energilovforskrifta og skriv at søknaden må ha innehalda ei skildring av innverknad på allmenne og private interesser og moglege avbøtande tiltak. Dei legg til at utbygging av fjernvarmenett er tidkrevjande, og til dels vil gje store ulemper for allmenta og private under anleggsarbeid. Dei vil at Lyse Neo må beskriva avbøtande tiltak. Kommunen ønskjer til dømes at NVE set vilkår om kor mange meter grøft ein vil tillata å ha opne før areal reetablerast.
- Kommunen ser at det er krevjande å få på plass all infrastruktur, både i eksisterande gateløp og i nye utbyggingsområde. Dei skriv at Lyse Neo må rekne med vilkår om at infrastruktur blir lagt i fleire høgder, for å avgrensa areal som blir beslaglagde i gater eller i areal regulerte til andre føremål.
- Dei viser til at det i fleire område blir bygde ut både med fjernvarme og fjernkjøling. Dette er røyrssystem som kommunen ser tar mykje plass. Ved innsending av søknad må det alltid vere avklart om det skal leggest eitt eller begge system.

Vidare har Stavanger kommune kommentert dei tre endringane som Lyse Neo har søkt om kvar for seg:

### Endring 1

Kommunen skriv at det har vore dialog mellom kommunen og Lyse Neo om den skisserte endringa. Dei skriv at det i utgangspunktet skal leggest røyr i veg, men at prosjektering og legging av fjernvarmetrasé gjennom område regulert til park må inkludera prosjektering og opparbeiding av regulert parkområde, slik illustrasjonar i SBAX-prosjektet viser.



Fjernvarme må plasserast slik at det er til minst mogleg ulempe for opparbeiding og framtidig bruk av parkarealet.

### **Endring 2**

Kommunen skriv at dei ikkje kan sjå at søknaden inneheld tekniske og økonomiske beskrivingar av anlegget, eller beskriving av fysisk utføring av dette, slik kravet er utforma i energilovforskrifta § 5.2, bokstav b. Det er berre ei geografisk avgrensing av reguleringsplan 2740. Rørtrasé er ikkje angitt. Dei skriv at det dermed er vanskeleg å ta stilling til om planane bør justerast.

Kommunen kommenterer at trasé for fjernvarme og tilkopling til denne ikkje må leggest gjennom grøntareal som leikeplassar, friområde og liknande. Vidare skriv dei at dei planlegg framtidig opning av bekk i friområdet langs Finntoppvegen og ned mot leikeplass/undergang ved fylkesveg 44 og at prosjektering av fjernvarmetraséer må ta omsyn til dette.

Kommunen skriv at det i høyringsdokument er merka av trasé i Gulaksvegen og at denne er strekt vidare gjennom parkdraget til Blåtoppvegen. Dei meiner traséen må stoppa langs formålsgrensa til parkdraget.

### **Endring 3**

Kommunen skriv at kryssing av Boganesvegen og trasé på vest- og nordsida av Jåttå vgs. og vidare ned mot Viking stadion blei bygd i fjor haust og at dei ikkje kan sjå nokon stad i Lyse Neo sin søknad om at strekinga allereie er bygd. Dei skriv at trasé for fjernvarme må tilpassast pågåande prosjektering i forbindelse med utbygging av bussveg og omlegging av vegsystem ved Jåttå og framtidig situasjon i området. Vidare har dei kommentert at tabell 5.2 i søknad berre viser dimensjonar for fjernvarmerøyr og ikkje for kjølerøyr.

### **Kommentar frå tiltakshavar på innkomne merknader**

Lyse Neo AS skriv at ingen av dei aktuelle endringane som er søkt om inkluderer fjernkjøling, og at beskrivingane av kjøling er ein feil i søknad som hengte igjen frå ein tidlegare endringssøknad som det her blei tatt utgangspunkt i.

Dei skriv at dei legg stor vekt på å ha eit nært samarbeid med kommunar, utbyggarar, entreprenørar og andre involverte aktørar om samordning av infrastruktur. Røyr vil i stor grad bli lagde i trafikkerte vegar og i nærleiken av bustadområde, og dei vil leggja stor vekt på god planlegging av anleggsarbeid for å minimere ulemper for bebuarar og trafikkantar. Vidare har Lyse Neo AS kommentert Stavanger kommune sine innspel fordelt på dei tre ulike endringane dei har søkt om.

### **Endring 1**

Lyse Neo skriv at delar av traséendringa i Paradis går gjennom eit grøntareal på delar av strekket etter avtale med Stavanger kommune. Området oppgraderast i forbindelse med felles prosjekt med kommunen og Lyse Neo. Endringa er vurdert som sameint og at det ikkje vil ha negative verknader sett opp mot naturmangfaldlova § 8-12.

### **Endring 2**

Lyse Neo skriv at denne omfattar ei utviding av konsesjonsområdet for å dekke heile reguleringsplanen og inkluderer ikkje noko nytt hovudrørnett for fjernvarme, som vist i



det meir detaljerte vedlegget V2. Lyse Neo vil i forbindelse med utvikling av området i samarbeid med utbygger og andre relevante interessentar finne den beste traséen for fordelingsnett/stikkledning for fjernvarme til området. Dette er ikkje eit tema i konsesjonssøknaden ettersom stikkledningar ikkje inngår som ein del av fjernvarmekonsesjonen. Lyse Neo vil ta omsyn til naturmangfaldlova og streve etter å leggja infrastruktur i eksisterande gater/planlagt opparbeida gater i forbindelse med framtidig vurdering og val av trasé for denne.

### **Endring 3**

Lyse Neo skriv at delstrekket allereie er bygd og blir kopla om og stilt ferdig i løpet av veke 41 og at endringa allereie er koordinert med kommunen og fylkeskommunen i forbindelse med utbygging av bussveg/omlegging av vegsystem ved Jåttå. Dei viser til kommunen sin omtale av kjølerøyr, og skriv at dette var ein feil i søknad og at denne endringa berre omfattar fjernvarmerøyr.





## Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: <ul style="list-style-type: none"><li>• Skrive kva for vedtak du klagar på.</li><li>• Skrive kva for eit resultat du ønsker.</li><li>• Opplyse om du klagar innanfor fristen.</li><li>• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen.</li></ul> I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.

*Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.*